



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 19.10.2022 Ikornnes kyrkje kl. 20:00

Desse møtte: Ingmund Eliassen, Janita Kurseth Eikemo, Magnar Vigstad, Ellen Brautaset Vatne. Anita hadde meldt fråfall.

**Sak 46/22**      **Referat frå møte 14.09.2022**  
Godkjent uten merknader

**Sak 47/22**      **Offer Kirkens SOS**  
Vi har fått forespørsel frå dei om offer i kyrkja. Frå før har vi bestemt at vi fordeler kollektene etter ei liste som vart vedtatt i fjor. Ny liste for 2023 vil vi ta opp på eit seinare møte. Det kan evt. vere aktuelt og legge dei til då.

**Sak 48/22**      **Soknemøte 23.10.2022**  
Dette er no annonsert og vert halde under kyrjekaffe etter søndagens gudsteneste. Magnar, Janita og Ellen er til stades. Optrykte årsmeldingar ligg i kyrkja.

**Sak 49/22**      **Eldremiddag 30.10.2022 Sykkylven kyrkje**  
Ikornnes Sokneråd har ansvar for å lage til og pynte til middagen i kyrkjekjellaren. Kristin Lohne bestiller inn mat og kake. Ellen har bedt ho ta omsyn til gluten- og laktosefritt alternativ, og sender ut melding  
Møtast for planlegging : torsdag 27.10. Kl 1800 Sykkylven kyrkje  
Gjere klart og pynte : laurdag 28.10. Kl. 1500

**Sak 50/22**      **Fellesmøte Sokneråda 01.11.22**  
Minner om påmelding til middag på Promenaden kl. 1700

**Sak 51/22**      **Samanslåing Sykkylven og Ikornnes Sokneråd**  
Det har no kome føringar for at det er mulig å slå saman fleire sokneråd som er i samme kommune. Korleis stiller vi oss til dette? Vert truleg også eit tema under fellesmøtet 01.11.

- Kvifor vart vi eige sokn med eige sokneråd?
- Antal representantar fordelt etter medlemstalet i soknet? Minske til 4?
- Fordeler og ulemper
- Lettare å få folk til å engasjere seg?

Vi vil i utgangspunktet helst ha vårt eige sokneråd vidare, men informerer om muligheita på soknemøtet og tek det igjen til våren.

**Sak 52/22**      **Val 2023**  
Neste år er det val igjen. Vi oppmoder alle medlemmane til å tenkje på mulige kandidatar frå heile soknet. Fleire av medleme gir beskjed om at dei ikkje stiller til attval, og vi må ha 10 namn på lista.

**Sak 53/22****Eventuelt**

Vi har fått ein forespørsel frå ei vennegruppe som ber om støtte til å betale eit nattverdssett til ei kyrkje i Estland. Dette seier vi nei til, men vil ta opp saka under soknemøtet søndag 23.10. Oppmoder om at soknemedlemmer bidreg privat til dette.

Neste møte: Ikkje bestemt

Referent

Ellen Brautaset Vatne